



Multiconsult AS

Nesbrekka 99

5221 NESTTUN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5458 - 14/25747

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

KBJ@lindas.kommune.no

Dato:

18.11.2014

Løyve til tiltak - gbnr 137/59 og 779 Alver - omlegging av VA-leidningar – Hordasmibakken bustadområde

Administrativt vedtak:

Kommunen gjev rammeløyve for omlegging av VA-leidningar i samsvar med søknad datert 15.08.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet "Ansvar og kontroll".

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1) Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
- 2) Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikke noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
- 3) Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søker formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.
- 4) Tiltaket skal utførast etter gjeldande reguleringsplan med føresegner.
- 5) Eigaren av eide domen og ansvarlege føretak skal innordna seg reguleringsplanen med føresegner.
- 6) Anlegget skal plasserast i samsvar med godkjent VA-rammeplan og i samråd med teknisk drift. Kontroll av plassering skal utførast av ansvarleg landmålar før arbeid vert sett i gang, og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande.
- 7) Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.
- 8) Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf pbl § 21-10.

I dette vedtaket er det knytt følgjande særlege vilkår for at det kan verte gjeve bruksløyve/ ferdigattest:

- 1) Det skal leverast "as built teikningar" av leidningsnettet og utvendige VA-installasjonar ved tilknytting til offentleg leidningsnett, jf sanitærreglementet til Lindås kommune.
- 2) Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

Søknaden

gjeld omlegging av VA-anlegg i samband med utbygging av Hordasmibakken bustadområde

Lindås Tomteselskap planlegger et boprosjekt med 20 boenheter i Isdalstøbakken, like nord for Hordasmia. Målgruppen er ungdom i etableringsfasen, men også andre som har vansker med å komme inn på boligmarkedet. Prosjektet er et samarbeidsprosjekt med Husbanken og Lindås kommune sitt bestillerkontor.

I vegen fremfor boligprosjektet, (se illustrasjon første side, samt vedlagt tegning H-100) ligg det i dag kommunale vann og overvannsledninger. VA-ledningene vil komme i konflikt med høy mur som må etableres på nedsiden av parkeringsplass. Dermed må disse legges om til ny trase i hovedveg. Tegning H-100 viser hvordan dette er planlagt utført.

I forbindelse med at det graves i vegen er det også naturlig at ny felles-privat spillvannsledning for boligene graves ned i grønn stiptet trase vist på vedlagte tegning H-100.

Spillvannsledning er planlagt tilknyttet til eksisterende kommunal spillvannsledning i punkt merket S5, i veien like sør for 123 bensinstasjon.

Denne byggesøknaden omfatter ikke selve boligprosjektet, men kun forberedende arbeider som må utføres i og ved eksisterende veg.

Plangrunnlag

er *Reguleringsplan Hordasmibakken* planen er godkjent og kunngjort. Det er klage frå naboor som er til handsaming hjå fylkesmannen.

Søknaden er i samsvar med reguleringsføresegne pkt 2.11.4 som krev at VA-rammeplan skal vera godkjent av kommunen før rammesøknad etter pbl kan godkjennast. Teknisk drift har godkjent VA-rammeplanen 20. juni 2014:

*Teknisk Drift godkjennar Va rammeplan slik den er skissert frå Multiconsult. (Sjå vedlegg.)
Køyreveg, siktsonar samt fortau skal utformast i samsvar med plankart og gjeldande vognormaler etter Statens Vegvesen Håndbok 017.*

Ved oppstart av Va arbeidet skal Teknisk drift kontaktast for ei felles befaring på staden.

Naboforhold

Naboor er varsle . Det er ikkje registrert merknader til denne søknaden.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett i samsvar med Pbl §§ 22-3, jf 21-4 (3):

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	T2	Ansvarleg søker	Multiconsult AS	910253158	S

PRO	T2	VA- anlegg	Multiconsult AS	910253158	S
-----	----	------------	-----------------	-----------	---

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følge av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar .

Søknadspliktige tiltak (Pbl§20-1)	Gebyr
10.2.5 Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	Kr 10.000
10.3.3 a) Godkjenning av ansvarsrett m/sentralgodkj. 1 føretak	Kr. 1.000
SUM	Kr 11.000

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjenvæst.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Teknisk drift	Her
Lindås Tomteselskap	Hagelia 4
	5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Multiconsult AS	Nesbrekka 99
	5221 NESTTUN